

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 27. september 2021 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen og Teams
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.20
MØTANDE MEDLEMER:	Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Øyvind Kaldheim (Krf), Ragni Sunniva Fett (V) og Kjetil Winterthun (Frp) deltok på Teams
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEMLED:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Oppdragsansvarlig revisor Tore Kristensen og revisor Deanne Kvammen, Rogaland Revisjon IKS Forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal, Deloitte AS, på Teams i sak 15
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef utvikling og drift Hans Erik Lundberg i sak 14, kommunalsjef oppvekst og kultur Mona R. Sævik i sak 15. Økonomisjef Filippo Ballarin deltok på Teams
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 13/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.05.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 10.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 10.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

**SAK 14/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN –
V/KOMMUNALSJEF UTVIKLING OG DRIFT**

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for utvikling og drift om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Kommunalsjef Hans Erik Lundberg orienterte og viste ein presentasjon. Han viste eit organisasjonskart, og gjorde greie for at han har ansvar for teknisk tenester, næringsutvikling, reiseliv og folkehelse.

Kommunen har mange bygg og store areal som treng vedlikehald og reinhald. Budsjettet til vedlikehald er ikkje tilstrekkeleg, men avdelinga får til mykje for lite pengar meinte kommunaldirektøren. Avdelinga jobba med å få plass ei ny vasskjelde med større kapasitet.

Kommuneplanen var blitt forsinka, mellom anna på grunn av skifte av tilsette. Han håpa planen ville bli lagd fram for politisk handsaming våren 2022.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna vedlikehald av veger etter tømmertransport, tidsfristar for tilbakemelding på mangelfulle byggsøknadar og kvalitet og utskifting av vassrør.

Utvalsleiar takka for ei interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for utvikling og drift om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

**SAK 15/21 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «TRYGT OG
GODT SKULEMILJØ»**

Sekretariatet si innstilling:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Trygt og godt skulemiljø» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 10 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal frå Deloitte AS deltok på Teams og presenterte rapporten. Ho gjorde greie føremål, problemstillingar og metode. Det var mellom anna gjennomført intervju med ti personar, 69 personar hadde svara på spørjeskjema, og revisjonen hadde gjennomgått sju saker som stikkprøvekontroll. Revisor gjorde greie for sine vurderingar. Forvaltningsrevisor hadde funne fleire område som kunne bli betre, og dei hadde utarbeida ti tilrådingar til kommunen.

Kommunalsjef Sævik kommenterte rapporten. Ho meinte den var nyttig, og at dei allereie hadde tatt tak i nokre av revisor sine tilrådingar. Kommunalsjefen meinte det var greitt med ein ni månaders frist for å følgje opp tilrådingane.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna om elevar hadde fått kome fram med sitt syn, skilnaden mellom aktivitetsplan og enkeltvedtak.

Leiar takka for ein god og interessant rapport.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21 og innstilling til kommunestyret:

- 1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Trygt og godt skulemiljø» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 10 tilrådingar.*
- 3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 16/21 ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde til orientering i engasjementsbrevet av 07.07.21 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen viste til utsendt engasjementsbrev og ønskte å ta ei samla orientering under sak 18. Utvalet hadde ingen spørsmål eller merknader. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21:

Etne kontrollutval tek informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde til orientering i engasjementsbrevet av 07.07.21 til orientering.

SAK 17/21 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa dagsett 07.07.21 frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Medlemmene hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21:

Etne kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa dagsett 07.07.21 frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 18/21 ORIENTERING OM REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2021

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar revisjonsplan 2021 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte og viste ein presentasjon. Han starta med å presentere selskapet, som no er eigd av 23 kommunar og fylkeskommunen. Dei er 17 tilsette innan rekneskapsrevisjon og 9 innan forvaltningsrevisjon.

Han gjorde greie for lovgrunnlag, utvalets tilsyns- og kontrolloppgåver, regelverk, revisjonssyklus. Han orienterte om rammebetingingar, nøkkeltall, tenestetilbodet og kvalitet på tenestene til kommunen. Vidare ble det gjort greie for risikovurderingar, angrepsvinkel for revisjonen og kva som vil bli vektlagt i 2021. Han viste ein del nøkkeltal for Etne kommune.

Revisor gjorde også greie for planlegging og gjennomføring av forenkla etterlevelseskontroll.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna offentlege tilskotsordningar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21:

Etne kontrollutval tar revisjonsplan 2021 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2021 til orientering.

SAK 19/21 BUDSJETTFRAMLEGG 2022 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Etne kommune for budsjettåret 2022 med ein totalramme på **kr 990 000,-** eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr 106 000
Kjøp av sekretariatsteneste	kr 195 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr 689 000

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Utvalssekretær gjorde greie for oppsettet. Utvalet hadde merka seg auka, men slutta seg til budsjettframlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21 og innstilling til kommunestyret:

*Etne kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Etne kommune for budsjettåret 2022 med ein totalramme på **kr 990 000,-** eks mva fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr 106 000</i>
<i>Kjøp av sekretariatsteneste</i>	<i>kr 195 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste</i>	<i>kr 689 000</i>

SAK 20/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.09.21

14. Statusoversyn pr. september 2021
15. KST-vedtak 10.06.21, sak 32/21 – forvaltningsrevisjonsrapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland»
16. KST-vedtak 10.06.21, sak 25/21 – godkjenning av avtaler med Rogaland Revisjon IKS
17. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022
18. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
19. Haugaland brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
20. FKT-medlemsinformasjon juni 2021

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

Ordførar orienterte om status for Haugaland brann og redning IKS. Ho gjorde greie for at det er intern uro i selskapet. Kommunestyret hadde handsama ein interpellasjon omkring dette i sist møte. Ho gjorde greie for kommunestyret sitt vedtak. Det var blitt satt ein frist til styret for selskapet om å betra tilhøva innan nyttår.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21:

Referatsakene 14 – 20 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 08.11.21.

Saker: orientering frå personalsjef, val av nytt prosjekt og møteplan for 2022.

Etne/Aksdal, 27.09.21

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær